

Helse- og sosialsektoren

Arbeidsdepartementet
Postboks 8019 Dep

0030 Oslo

Arkivkode
F10 &13

Vår ref.
10/1783 - Lappegard

Dykkar ref.

Dato
05.10.2010

HØYRING NOU 2010:5 "AKTIV DELTAGELSE, LIKEVERD OG INKLUDERING"

Ål kommune gjev med dette si høyringsuttale til NOU 2015:5 "Aktiv deltagelse, likeverd og inkludering". Høyringsuttala er todelt. Fyrste delen er eit vedtak frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, andre delen er ein administrativ uttale utarbeidd av kommunen sine fagfolk på området.

1. Uttale vedteke i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 16.09.2010:

"Kommunen meiner retten til hjelpemidlar fortsatt skal liggje til folketrygdlova med eit statleg finansieringsansvar. Dette vil sikre funksjonshemma tilgang til hjelpemidlar på alle livsområde, med moglegheit til å leve eit sjølvstendig liv. Dei økonomiske utfordringar kommunen står overfor, gir lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemidlar må være uavhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør i staden styrke hjelpemiddelformidlinga ved å bidra til å styrke kommunens ergoterapitilbod og rehabilitering samt styrke vaktmestertenesta for reparasjon av hjelpemidlar."

2. Administrativ uttale

Ål kommune har i underkant av 5000 innbyggjarar. Hjelpemiddelformidling vert utført av kommunalt tilsett ergoterapeut og fysioterapeutar. Kommunal heimevaktmester utfører reparasjonar, tilpassingar og transport av hjelpemidlar lokalt.

Vi opplever at vi har eit godt hjelpemiddelsystem, både i kommunal regi og i samarbeid med Hjelpemiddelsentralen i Buskerud. Samarbeidet er utvikla over mange år og fungerer godt både for faginstansar i kommunen og brukarar.

Vi opplever:

- Kort leveringstid på hjelpemidlar
- Lett tilgang på teknisk ekspertise, service og reparasjon
- Lett tilgang på fagleg veiledning
- Dei aller fleste brukarar får rett hjelpemiddel til rett tid

Særlege merknader

Til kap. 11

Vi meiner at sektorisering av hjelpemiddelformidling og ansvar vil svekke brukarane sine mogelegheiter for eit heilskapleg tilbod. Brukaren vil møte fleire barrierar, må forhalde seg til fleire fagfolk og instansar, og vil måtte bruke mykje tid, ressursar og krefter på å administrere kvardagen sin.

Tilgangen på fagkompetanse og hjelpemidlar vert usikker.

Dette vil svekke mogelegheitene for deltaking og likestilling. Kommuneøkonomien kan bli avgjerande for tilbodet til brukarane.

Små kommunar vil ha vanskar med å skaffe tilstrekkeleg fagkompetanse. Skular/barnehagar og NAV må byggje opp ein kompetanse på området som vil krevje mykje ressursar.

Til kap. 16

Det må vera mogeleg å utvikle og forbetre dagens system forankra i Folketrygdlova utan å innføre sektoriseringsprinsippet som vil splitte opp hjelpemiddelområdet. Statlege føringar for å vinkle hjelpemiddelformidling mot nye brukargrupper kan gjerast utan ei total omvelting. Statleg finansiering betyr at behovet avgjer løysinga, ikkje kommuneøkonomien.

Vi meiner at dagens lovverk ikkje er til hinder for å gje rettskrav på ytingar, større rom for fagleg vurdering og skjønn, styrke brukarmedverknad og etablere eit effektivt og godt klage – og ankesystem.

Generell vurdering

Slik det er i dag, sikrar Hjelpemiddelsentralane eit likt tilbod til alle innbyggjarar i fylket. Forslag om å overføre hjelpemidlar til fleire sektorar er uheldig. Kommunane brukar aktivt den spesialkompetansen Hjelpemiddelsentralen har innanfor dei ulike hjelpemiddelområda. Utan veiledning, bistand og kurs frå Hjelpemiddelsentralen blir kompetansespennet i kommunane større, noko som gjev brukarane usikker og ulik tilgang til hjelpemidlar og fagkompetanse. Forslaget om å overføre hjelpemidlar på fleire sektorar er også lite konkret med tanke på service, reparasjon, opplæring og oppfølging. Hjelpemiddelsentralen og kommunane har i dag gode ordningar og eit godt samarbeid på desse områda.

Etter å ha gått gjennom utredninga, sit ein tilbake med spørsmålet om kva ein ynskjer å oppnå ved å forkaste eit velfungerande system som nettopp ivaretek dei behov utredninga set opp på vegne av brukarane. Vi reagerer på at gevinsten ved endring er vagt formulert og vanskeleg å forstå.

På vegne av både brukarar og fagmiljø vil vi rå frå ei innføring av prinsippa i NOU 2010: 5 og heller anbefale å sjå på mindre justeringar av dagens ordning.

Med helsing

(sign)

Björgulv Noraberg
rådmann

Kopi til:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne